

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
23/18366-2Dato:
30.10.2023

Høring - Framlegg til endringar i utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn

Vi viser til høring vedrørande *endringar i utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn og om framlegg til utfyllande reglar for skrivemåten av kvenske stadnamn*.

Øygarden kommune sitt namneutval har no sett gjennom forslaget slik det ligg føre, og har fire kommentarar til framlegget. Det er berre desse som vert kommentert under.

1. Språkrådet sitt framlegg til endring

Avsnitt	Frå (opphavleg tekst)	Til (føreslått endra tekst)
1.1	<p><i>4 første ledd:</i> «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåte av stadnamn takast utgangspunkt i <i>den nedervde lokale uttalen</i>. Skrivemåten skal følgje <i>gjeldande rettskrivingsprinsipp</i> for norsk og samisk.»</p>	<p><i>4 første og andre ledd:</i> «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i <i>den nedervde lokale uttalen</i>. Skrivemåten skal følgje <i>gjeldande rettskrivingsprinsipp</i> for norsk og samisk. Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan</p>
		<p>ein fråvike <i>gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp</i>.»</p>

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Postadresse
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Kontonummer
1506.24.29981
Organisasjonsnummer
922 53 0890

E post
postmottak@oygarden.kommune.no
Telefon
56 16 00 00

Kommunen sin kommentar

Øygarden kommune ønskjer å understreka den siste setningen som er kome med, er ei viktig presisering som kommunen ønskjer velkommen.

Kommunen har erfart at Kartverket reiser namnesaker på adressenamn som har eksistert i kommunen i over 30 år. I lokalsamfunnet skapar dette store reaksjonar blant innbyggjarane.

2. Språkrådet sitt framlegg til endring

Avsnitt	Frå (opphavleg tekst)	Til (føreslått endra tekst)	Tekst som er teken ut	Tekst som er lagd til
1.3			«Den vanlegaste praksisen vil vere at ein byggjer på den tydinga folk knyter til namnet i dag.»	

Kommunen sin kommentar

Kommunen ønskjer at teksten de ønskjer å ta bort, heller vert omformulet.

Dette på grunn av at ein ønskjer ein god innarbeidd oppfatning av kva stadnamnet tyder, framleis vil vere det som folk kan kjenna seg att i. Samt at dei lokalkjende bør ha ei innverknad om ein skal basere seg på den eldre eller den moderne tydinga. Omformulering kan då bli noko slikt som: *Ein vil leggja større vekt på korleis dei lokalkjende kjenner seg att i stadnamnet, og la dei ha større innverknad om ein ønskjer eldre eller moderne tyding av stadnamnet.*

3. Språkrådet sitt framlegg til endring

Avsnitt	Frå (opphavleg tekst)	Til (føreslått endra tekst)	Tekst som er teken ut	Tekst som er lagd til
6.1 Lause samansetningar				«Det er vanleg i norsk ord- og namnelaging at tillegg som øvre, nedre, ytre og indre står framom dei namna som dei er knytte til. Ein bør derfor nytte namneformer som Øvre Moen, Nedre Li, Ytre Dalen og Indre Haug, ikkje Moen øvre, Moen Øvre, Li nedre og så vidare.»
6.2 Samansetningar der føreleddet byggjer på eit namn i bunden form				«Mange namn har bunden form, men i tradisjonell namnelaging inngår stammeforma, ikkje den bundne forma, i samansett namn: Stokkan, men Stokkgjerdet; Mandalen, men Mandalselva. Dette mønsteret bør som hovudregel følgjast i nylaga namn (t.d. adressenamn og tunnel- og brunamn).»
				adressenamn og tunnel- og brunamn).»

Kommunen sin kommentar

Øygarden kommune ønskjer å kommentera at presiseringa i desse punkta er gode formuleringar som er viktige at de får med.

4. Generelt innspel frå kommunen

Øygarden kommune har hatt stor tilflytting dei siste 50 åra, og den gamle dialekta (strilamålet) er under sterkt press. Difor er det eit viktig poeng for kommunen at ein vil halda på den lokale uttalen vidare, også skriftleg, sidan ein tenkjer at dette er ein del av kulturarven vår. Det er naturleg å tenkja at når dialekta her vest vert utvaska av den nye generasjonen som no veks opp, vil folk uttala namn slik dei står skrive på til dømes adressenamnsilt.

Kommunen ønskjer difor at det vert teke med eit ekstra punkt i punkt 3 Ordformer om at «når særlege grunnar talar for det, kan *-dl* i staden for *-ll* nyttast. Døme her kan vera *-fjedlet*, *-hedlo*». Vi viser til 1.9 Lokale dialektformer (i utfyllandre reglar om skrævemåten...).

Med helsing

Hanna Gjesdal
Leiar for plan, geodata og oppmåling

Agnethe Veivåg
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur